

Nyhendebrev 4/2023



Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem nyhendebrev nr. fire frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med fokus på søknadsfristar, rapportering hjortejakt, forsikring av skog m.m. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar første kvartal 2024

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning/tiltak	Søknadsfrist/dato	Ramme	
		Gloppen	Stad
	Felles for Gloppen og Stad		
Produksjonstilskot	Etterregistrering 10. januar !!		
Drenering	Løpande	Påfyll av midlar ultimo januar	
Tilskot til skogkultur	Løpande	Påfyll av midlar ultimo januar	
Tilskot til skogsveg og taubane	Løpande	Påfyll av midlar ultimo januar	
Produksjonstilskot (PT)	15. mars		
Kappedag Byrkjelo	12. januar kl. 10:00 – 13:00		
Kappedag Nordfjordeid	13. januar kl. 12:00 – 15:00		
PEFC kurs, Nordfjordeid	30. januar kl. 9:00 – 15:00		
Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)	1. mars	Påfyll av midlar ultimo januar	
Tiltak i beiteområde	1. mars	Påfyll av midlar ultimo januar	
Leverer fellingsrapport	7. januar		
Overordna forvaltningsplan for hjort 2024-2026	Kjem på høyring i januar		

Rammene for dei SMIL, tiltak i beiteområde, drenering, skogkultur, taubane og skogsveg vert tildelt kommunane ultimo januar 2024 frå statsforvaltaren.

Hjort

Fellingsrapport og registreringar i Hjorteviltregisteret

Hjortejakta nærar seg slutten og vi minner difor om at fellingsrapport skal leverast seinast 14 dagar etter endt jakttid. For å få med tal i den nye overordna planen er det viktig å legge inn alle registreringar tidleg.

Dei som leverer fellingsrapporten digitalt via Hjorteviltregisteret får tilsendt kvittering på e-post automatisk. Fekk du ikkje e-post? Ta kontakt med utmarksforvaltar for å sjekke at rapporten vart levert.

Det skal ikkje leverast kjevar i Gloppen kommune etter jakta 2023.

Overordna forvaltningsplan for hjort 2024-2026

Det vert skriva oppdaterte planar for Gloppen og Stad kommune. Begge planane kjem på høyring i løpet av januar. Planane vert sendt ut til alle valdleiarane, samt at dei vert gjort tilgjengeleg på kommunane sine heimesider. Høyringsperioden kjem til å bli på tre veker for å passe med dei politiske møta som planen må gjennom. Det er planlagt endeleg vedtak på politisk møte i februar.

Merkeprosjektet «Vesthjort»


Seks koller i våre kommunar, to i Stad og fire i Gloppen, mista halsbanda natt til 12. desember 2023. Dyra har gått med GPS-halsband i nesten to år og har samla inn store mengder data for oss. Vi har ein plan for å samle inn dei fleste av desse halsbanda, men om de finn GPS-halsband ute i naturen, ta dei med og ta kontakt med utmarksforvaltar. NIBIO ønskjer å få dei tilbake då dei kan brukast på nytt i andre merkeprosjekt.

Motorferdsel i utmark - ervervsløyve

Gloppen og Stad kommune har søkt etter ervervskøyrarar som kan ta på seg legekøyring med snøskuter. I Stad har det i skrivande stund vore delt ut eitt løyve til Ole Morten Erviksæter som er gyldig i områda Erviksdalen, Mosehaugane, Haus og Kjølsdalen.

I Gloppen vart det delt ut seks løyve:

- Breimsbygda skisenter: Svartebotnen til Blånibba.
- Fjellhug/Vereide II: Kleivane og Nordstrandsfjella til Blånibba.
- Gloppen Røde Kors Hjelpekorps: Heile kommunen.
- Hyen Røde Kors Hjelpekorps: Hyen.
- Kurt Fossheim: Heile kommunen.
- Mardal Skuterdrift: Jardalen.



*Skuterspor ein fin ettermiddag.
Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.*

Meir informasjon og kontaktinformasjon kjem på heimesidene etter kvart.

Søknader om tilskot til jordbruket gjennom året

Det har gjennom året vore god søknad på dreneringsordninga og midlane fekk bein å gå på. Ein kombinasjon av auka satsar og betre driftstilhøve på godt drenert jord er truleg årsaka.

Kommunen har også i år prioritert elektronisk sporingsutstyr i ordninga «Tiltak i beiteområde». Det har vore så god søknad at midlane ikkje rakk til alle.

I SMIL-ordninga har midlane gått til rydding av beite, oppsetjing av gjerde, fjerning av gammalt gjerde/piggråd og eldre bygningar og bygningsmiljø.

Utvalde kulturlandskap har nytta midlar til bygningar og beitedyr. Stad kommune arbeider med plan for formidling av verdiane i dette landskapet. Det er også løyvd midlar til dette.

Produksjonstilskotet generer mellom 140 til 150 millionar utbetalt til føretaka i Gloppen og Stad (2022). I 2023 handterer vi om lag 460 søknadar som vert gjennomgått enkeltvis. Krava til å

dokumentere innhaldet i søknadene har berre auka. Det er mellom anna ikkje lenger maskinelle kontrollar på forbrukte avlørsavgifter. Ved kontroll må utgiftene då dokumenterast.

Husk etterregistreringsfristen 10. januar!

I Regionalt miljøprogram kom det i 2023 nye område og tiltak inn i ordninga. Gjødselfri kantsone er eit nytt tiltak og likeeins beiting av sau over 600 meter. Vi ser også ein auke i areal det vert søkt miljøvenleg gjødselspreiing på og det er berre flott. Totalt 246 søkjarar.

Utvalde kulturlandskap



Det vert no arbeid med Plan for formidling og besøksforvaltning i Utvalde kulturlandskap på Stadlandet. Vi saksar frå prosjektmandatet:

Formidling er viktig for å skape forståing av dei kultur- og naturverdiane som ligg i dei utvalde kulturlandskapa i landbruket, både for dei som skal skjømte landskapet og for tilreisande som skal oppleve og opphalde seg her.

For å kunne formidle UKL-området på Stadlandet på ein god og heilskapleg måte og legge til rette for ferdsel, informasjon og vertskap, ønskjer Stad kommune å utarbeide ein plan for formidling og besøksforvaltning.

Planen skal ligge til grunn for framtidig formidling og besøksforvaltning i Stadlandet UKL-område, kva for formidlingsformer som er best eigna her og korleis ein best kan kanalisere ferdsel for å styrke opplevingsverdiane i området og skåne sårbar natur.

Skilting kan vere ein av fleire moglege formidlingsformer. Andre tiltak kan f. eks. vere digital formidling, brosjyrar og lokalt vertskap. Planen skal foreslå eigna formidlingsformer retta mot relevante målgrupper.

For grunneigarar og føretak i drift er det verdt å merke seg at planen ikkje skal legge opp til stor auke i ferdsel og trafikk. Det er tvert i mot ein plan for å formidle og synleggjere verdiane på ein måte som ivaretek nettopp det spesielle landskapet ved kysten.

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad er med i faggruppa som arbeider med planen.



PEFC-kurs for skogeigarar i Stad og Gloppen

Skal du hogge og levere tømmer sjølv til tømmerkjøpar, må du vere PFEC-sertifisert. [PFEC er dokumentasjon på at tømmeret kjem frå ein skog som vert forvalta og hogd på ein berekraftig måte.](#)

PEFC-standarden er revidert og nye krav gjeld frå 2024. Om du ynskjer å vere sertifisert, bør du nytte høvet til å ta kurset!

Pris pr. deltakar er 1250 kr for medlemmar av Skogselskapet i Sogn og Fjordane, eller 1950 for ikkje-medlemmar. Kurset kan du refundere frå skogfondet ditt.

[Les meir og meld deg på her!](#)

Hogg når skogen er hogstmogen!



	50 år	60 år	70 år
Volum salgbart m ³	25	36	50
Diameter 1.3m over bakken, cm	17	20	23
Volum per tre, liter	250	360	500
Antall tre per m ³	4.0	2.8	2
Fordeling skurtømmer – massevirke	40/60	60/40	75/25
Verdi per m ³	280	300	315
Utgifter per m ³	151	132	118
Netto per dekar	Kr 3225	Kr 6048	Kr 9850

Illustrasjon av verdiauke i skogen. Skogselskapet i Sogn og Fjordane.

Det er viktig å hogge skogen på rett tidspunkt – altså når den ikkje veks meir og før kvaliteten forringar seg. Volumet på skogen aukar mykje dei siste åra og hogst 10 år-15 år for tidleg gjer at du kan tape store pengar. Å hogge når skogen er hogstmogen gjer at sagtømmerandelen aukar (som gjev best betalt) og driftskostnadane vert redusert (ved at du får større tre og meir volum per dekar) – altså meir pengar til deg. Kva som er hogstmogen alder vil variere etter treslag og bonitet (vekstvilkåra for treet), men som ein hovudregel her på Vestlandet kan ein seie rundt 60-65 år for gran. I tabellen ser du døme på kor mykje nettoverdien aukar på å vente til skogen er klar for å avverkast. Det er mykje å tene på å ha tålmod og vente!

Skogdagar i januar

Kappedagar i Eid og Breim

Med godt vinterver, ligg tilhøva til rette for å arbeide i skogen. Kommunane, Skogselskapet i Sogn og Fjordane og dei lokale skogeigarlaga arrangerer kappedagar i januar. Her vil du få siste oppdatering om prisar, gode tips om planlegging av hogst og ikkje minst korleis du skal kappe tømmeret for å få best mogleg pris på tømmeret.

Merk deg dato, tidspunkt og stad. Nærare informasjon om kappedagane finn du på heimesida til kommunen.

[Gloppen: Fredag 12. januar kl. 10-13](#)

[Stad: Laurdag 13. januar kl. 12-15.](#)

Enkel servering og bålkaffi.



*Praktisk opplæring på kappedag.
Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.*

Skogforsikring



Granskog. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Vi er inne i sesongen med mykje ver som kan gjere stor skade på skog! Har du ikkje skogforsikring, så bør du skaffe det deg no! Det er for seint når det har blese ned og tømmeret ligg som pinneved nedover lia. Då har du tapt store framtidige inntekter på eigedommen din.

I Noreg er det ein aktør som forsikrar skog; [Skogbrand](#). Det er lett å teikne forsikring og du legg berre inn skogarealet ditt som du finn til dømes på [Gardskart hos Nibio](#) og får forsikra skogen både mot brann og vind. Gå på www.skogbrand.no for å sjå vilkår og korleis du kan teikne forsikring. Skogforsikring kan du dekke med skogfond.

Nordfjord smak

Forprosjektet Nordfjord smak er ei vidareføring av kartleggingsprosjektet gjennomført i regi av Nordfjordsrådet og Gloppen kommune 2020/2021. Forprosjektet er no ferdig. Lokalmatprodusentane i Nordfjord er i stor grad kartlagt og ein har fått opp behov og utfordringar desse verksemdene har i drifta si og kva samhandlingsfunksjonar som kan vere aktuelle. I hovudprosjektet vil vi mellom anna jobbe vidare med å skape ein nettverksarena for lokalmatprodusentane i Nordfjord og utvikle og etablere Nordfjord smak.

Vestland fylkeskommune har støtta forprosjektet og innvilga søknaden for hovudprosjektet.

Driv du med lokalforedling eller har tankar om å starte opp, ta kontakt med Arild Vonheim, Knut Roger Nesdal eller Trine Alme for å høyre meir om prosjektet.

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad ynskjer alle ei riktig god jul og eit godt nytt år! Vi ser fram til eit aktivt 2024!

Helsing Bernt, Åse, Lindis, Trine, Marte, Odd-Harald og Karoline

